



Hordaland Politidistrikt
Postboks 285 Sentrum
5804 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1400 - 17/10745

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
29.05.2017

HØYRING - SKILT 516 GANGFELT – KV 1027 MJÅTVEITVEGEN

Meland kommune ønskjer å etablere eit nytt gangfelt i KV 1027 Mjåtveitvegen, på Frekhaug. Meland kommune er skiltmyndigheit etter Skiltforskriften § 28 (2). Før vedtaket vert treft skal regionvegkontoret og politiet få uttale seg jf. § 28 (3).

Mjåtveitvegen er samleveg for lokaltrafikken på Frekhaug. Fartsgrensa er 40 km/t, og vegen har fleire fartshumper. Vegen er skuleveg for elevar til Sagstad skule, Danielsen Ungdomsskule og Meland ungdomsskule samt tilkomst til Leiketun barnehage.

Meland kommune har ikkje ÅDT måling av vegen, men vegen vil ligge i kategorien 0 – 2000 ÅDT, jf. tabell «Anbefalinger i 40 km/t» Håndbok V127 Gangfeltkriterier.

Grunngjevinga for etablering av gangfeltet er at gangfeltet vil vere plassert i eit viktig krysningspunkt mellom bustadfelta på sørsida av Mjåtveitvegen og gangvegen til Leiketun barnhage, Meland ungdomsskule, Danielsen Ungdomsskule og Frekhaug senter for øvrig. Gangfeltet er viktig for å gje ein samanhengande gangtrasè på Frekhaug, og ligg inne i Trafikksikringsplanen 2017-2020 til Meland kommune.

Gangfeltet skal vere opphøgd, og vil bli plassert etter vedlagt skiltplan. Områda sør for Mjåtveitvegen er mykje utbygd dei seinare åra, og det er planlagt enda meir utbygging framover noko som vil auke gangtrafikken enda meir.

Vi ber om at eventuelle merknader blir sendt til Meland kommune innan 20. juni 2017.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Skiltplan

Mottakere:

Hordaland Politidistrikt	Postboks 285 Sentrum	5804	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER